

Møteprotokoll for Levekårsutvalet

Møtedato: 03.06.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: kl 09.00 - 11.45

Møtedeltakarar	Parti
Iren Klungtveit Slagstad	AP
Randi Laache Kilane	KRF
Øystein Wigestrاند	SP
Dag Fisketjøn	V

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Lars Arne Bjørkland	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Kjersti Eikemo Tveit	SP

Andre:

Kommunalsjef helse og oppvekst Svein Carlos Nilsen Gjil
Rådgjevar helse og oppvekst Tore Bastlien Dahl i sak 028/26

Kommunalsjef helse og oppvekst Svein Carlos Nilsen Gjil orienterte om status helse og oppvekst før møtet.

Møtesekretær:
Marit Bog

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
022/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
023/26	Godkjenning av møteprotokoll	
029/26	Spørsmål og interpellasjon	
024/26	Meldingar	
025/26	Delegasjonssaker kommunedirektør	
026/26	Søknad om kulturmidlar - større arrangement	
027/26	1. tertialrapport 2026	
028/26	Barnehage og skulebruksplan for Suldal kommune våren 2026	

022/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Iren Klungtveit Slagstad AP har ein merknad til saklista:

- Det er kome inn spørsmål til spørsmål og interpellasjon. Legg til sak 29/26 Spørsmål og interpellasjon, handsaming av denne etter sak 23/26 Godkjenning av møteprotokoll.

Samrøystes i samsvar med innstillinga med tillegg av sak 29/26.

LEV - 022/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre, med tillegg av sak 29/26 Spørsmål og interpellasjon.

023/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

LEV - 023/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

029/26 Spørsmål og interpellasjon

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Spørsmål frå Dag Fisketjøn, V:

MIDDAGS-LEVERING

Korleis går det med middags-leveringa? Er løysinga kok/kjøl som forventa både til brukar og i bruk av resurs?

Svar frå kommunalsjef helse og oppvekst Svein Carlos Nilsen Gjil:

Det har vore lite tilbakemeldingar på kok-kjøl. Det vert som utgangspunkt vurdert positivt.

I den skalaen ein produserer no, går det fint. Kjøkkenet har fått god opplæring.

Blir produksjonen auka (i tillegg til Vinjarheim i helger) må ein ha pakkrom på sjukeheimen.

Dette er eit rom der det skal vera benker med skap, vask osv. Pakkemaskinen som i dag

står på kjøkken, skal også vera der. Kravet til Mattilsynet er at dette rommet ikkje skal

overstiga 3 grader. Det er areal på kjøkkenet som kan nyttast til dette føremål. Det vil

medføra ein kostnad for å få til.

Dagsenteret på Sand/Sjukaheimen seier at dei er positivt overraska, men at dei syns det var betre med slik det var før.

Heimetenestene er dei som har mest utbytte av dette systemet. Det er utkøyring ein gong i veka, dette fungerer veldig godt for både sjukaheimen og heimetenestene.

Me er ennå i startfasen av kok/kjø, og oppsummert kan ein seie at det har gått veldig godt til nå. Ein vil sjå på måtar å gjera tilbodet endå betre, mellom anna ved å levera maten i boksar med fleire rom, slik at saus kan vera i eit anna rom enn maten/desserten.

LEV - 029/26 Vedtak:

Til vitande.

024/26 Meldingar

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

ME 1 Høyring - endring av forskrift om tilskot til inkludering av barn og unge.

ME 2 Høyring - forslag til endring i fastlegeforskrifta § 12 - høyringsfrist 1 september 2026.

ME 3 Høyring om forslag til endringar i opplæringsforskrifta og privatskoleforskrifta.

LEV - 024/26 Vedtak:

Til vitande.

025/26 Delegasjonssaker kommunedirektør

Sakene vert tekne til vitande.

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

DK 017/26 Søknad om skjenkeløyve ved einskild høve 02.05.26.

DK 015/26 Søknad om skjenkeløyve ved einskild høve 11.07.26.

DK 019/26 Søknad om utvida skjenkeløyve ved einskild høve 06.06.26.

DK 016/26 Søknad om utvida skjenkeløyve ved einskild høve 24.04.26 og 25.04.26.

DK 018/26 Søknad om utviding av skjenkeløyve ved einskild høve 06.06.26.

LEV - 025/26 Vedtak:

Til vitande.

026/26 Søknad om kulturmidlar - større arrangement

Kommunedirektøren si innstilling

Autagro Møgedal får kr. 100 000,- i tilskot til arrangering av Haustmarknad i Suldal i 2026, og 2027 og 2028 om det er midlar avsett i budsjett.

Tilskotet vert løyvd frå kulturmiddelpott til større arrangement og prosjekt.

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Dag Fisketjøn V ber om pause.

Pause 09:37-09:45.

Fellesforslag, foreslått av Dag Fisketjøn, Venstre

Autagro Møgedal får inntil kr. 100 000,- i underskotsgaranti til arrangering av Haustmarnaden i Suldal i 2026.

Tilskotet vert løyvd frå kulturmiddelpott til større arrangement og prosjekt.

Samrøystes i samsvar med fellesforslag.

LEV - 026/26 Vedtak:

Autagro Møgedal får inntil kr. 100 000,- i underskotsgaranti til arrangering av Haustmarknaden i Suldal i 2026.

Tilskotet vert løyvd frå kulturmiddelpott til større arrangement og prosjekt.

027/26 1. tertialrapport 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Tertialrapporten vert teken til vitande.

Det blir gjort budsjettendringar i drifta i tråd med oppstilling i 1. tertialrapport.

Eining	Endring	Kroner
	Meir utgifter:	
Felles	Arbeidsgjevaravgift ved auka bruk av premiefond KLP	954 000
Økonomi- og organisasjon	Straum	224 000
Oppvekst	Straum	1 108 000
Helse og Velferd	Straum	452 000
Kultur- og samfunnsutv.	Straum	2 216 000
Oppvekst	Auka «Rabbattar» SFO / barnehage	1 630 000
Oppvekst	Auka kjøp av skuleplassar	1 200 000
Helse og Velferd	Tiltakspakke, fleire Ukraninarar ut i arbeid	500 000
Økonomi- og organisasjon	Auka advokatutgifter	60 000
Økonomi- og organisasjon	Auka forsikringsmeglingsutgifter	25 000
Kultur- og samfunnsutv.	Flytting av midlar til kraftkonferansen	905 000
	Mindre utgifter:	
Økonomi og organisasjon	Flytting av midlar til kraftkonferansen	-905 000

Felles	Reduksjon pensjon, bruk av premiefond KLP	-9 000 000
	SUM netto	-631 000

	Endring	Kroner
	Meir utgift:	
Skatt/Finans	Utgifter til sal av konsesjonskraft	24 200 000
Skatt/Finans	Auka overføring til Ryfylkefondet	5 500 000
Skatt/Finans	Eigedomsskatteinntekter, meir overføring til Hjelmeland kommune	220 000
Skatt/Finans	Auka forvaltningsutgifter	300 000
	Avsetjing til fond:	
Skatt /finans	Avsetjing til disposisjonsfond	50 760 000
	Meir inntekter:	
Skatt/Finans	Auka sal av konsesjonskraft	-74 400 000
Skatt/Finans	Auka utbytte, Lyse	-949 000
Skatt/Finans	Renteinntekter, bank	-5 000 000
	SUM netto	631 000

3. Rallebekken

Ein rår til at nytt underprosjekt xxxxxx «Rallebekken med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune» vert budsjettert med 2,5 mill. kr. finansiert med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune med 2,5 mill. kr.

Rest re budsjettering investeringar

Mindre bruk enn planlagt i 2025 som gir auke i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
100105	Utskifting PC administrasjonen	1 099 000
100205	It-Fellessamarbeid	2 792 914
100502	Digitalisering	100 000
100505	RITS, utstyr	305 311
100601	RITS, innbyggjardialog	51 263
101205	RITS, Anskaffing og implementering	294 813
101500	RITS, Elektronisk IP og stafettlog	50 000
301702	Bygging Vinjarheim bukolektiv	7 105 776
301712	Utsmykking ny sjukeheim	87 783
401516	Leige for eige bustadar på Jelsa og i Marvik	120 200
401523	Kjøp av Velaskaret	26 213
402402	Næringsområde Tysingvatnet	1 790 000
404504	Reguleringsplan Randåsen	26 000
404802	Kjøp av husvære/Kjøp av tomt	3 007 000
500301	Suldalshallen, ventilasjon	1 056 275
501007	Nærmiljøanlegg Suldal bad	207 000
501401	Fornyng Kulturhuset	92 655
603502	VA Sand sentrum Del 3	50 000
604901	Hønesteg, ny vassforsyning Sand	3 148 103
605303	Brannstasjon Sand, forprosjekt	465 043
605304	Brannstasjon Suldalsosen	1 880 491
701401	Forprosjekt Hebnes - Helland og Vanvik	650 000
190003	Forskotteringslån MVA komp. Suldal IL	184 725
Sum auke		24 590 565

Samla gir dette auka moms.komp. 3 088 409,- mill. kr. og bruk av lpån med 21 502 156 mill. kr.

Meir bruk enn planlagt i 2025 som gir reduksjon i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
401900	Attraktivt og levande Sand sentrum	-82 288
104001	Digitalisering eldre reguleringsplanar	-29 313
409001	Miljøtiltak - ladepunkt m.m.	-25 678
Sum reduksjon		-137 279

Samla gir dette redusert bruk av lån kr. 137 279,-

01.06.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

RMNF tek saka til vitande. Samrøystes.

RÅDF - 022/26 Vedtak:

RMNF tek 1. tertial til vitande.

01.06.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 016/26 Vedtak:

Teke til vitande.

01.06.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Ungdomsrådet tek 1. tertialrapport 2026 til vitande
Samrøystes

U - 014/26 Vedtak:

Ungdomsrådet tek 1. tertialrapport 2026 til vitande

02.06.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 057/26 Vedtak:

Tertialrapporten vert teken til vitande.

Det blir gjort budsjettendringar i drifta i tråd med oppstilling i 1. tertialrapport.

Eining	Endring	Kroner
	Meir utgifter:	
Felles	Arbeidsgjevaravgift ved auka bruk av premiefond KLP	954 000
Økonomi- og organisasjon	Straum	224 000
Oppvekst	Straum	1 108 000
Helse og Velferd	Straum	452 000

Kultur- og samfunnsutv.	Straum	2 216 000
Oppvekst	Auka «Rabbattar» SFO / barnehage	1 630 000
Oppvekst	Auka kjøp av skuleplassar	1 200 000
Helse og Velferd	Tiltakspakke, fleire Ukraninarar ut i arbeid	500 000
Økonomi- og organisasjon	Auka advokatutgifter	60 000
Økonomi- og organisasjon	Auka forsikringsmeglingsutgifter	25 000
Kultur- og samfunnsutv.	Flytting av midlar til kraftkonferansen	905 000
	Mindre utgifter:	
Økonomi og organisasjon	Flytting av midlar til kraftkonferansen	-905 000
Felles	Reduksjon pensjon, bruk av premiefond KLP	-9 000 000
	SUM netto	-631 000

	Endring	Kroner
	Meir utgift:	
Skatt/Finans	Utgifter til sal av konsesjonskraft	24 200 000
Skatt/Finans	Auka overføring til Ryfylkefondet	5 500 000
Skatt/Finans	Eigedomsskatteinntekter, meir overføring til Hjelmeland kommune	220 000
Skatt/Finans	Auka forvaltningsutgifter	300 000
	Avsetjing til fond:	
Skatt /finans	Avsetjing til disposisjonsfond	50 760 000
	Meir inntekter:	
Skatt/Finans	Auka sal av konsesjonskraft	-74 400 000
Skatt/Finans	Auka utbytte, Lyse	-949 000
Skatt/Finans	Renteinntekter, bank	-5 000 000
	SUM netto	631 000

3. Rallebekken

Ein rår til at nytt underprosjekt xxxxxx «Rallebekken med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune» vert budsjettert med 2,5 mill. kr. finansiert med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune med 2,5 mill. kr.

Rest re budsjettering investeringar

Mindre bruk enn planlagt i 2025 som gir auke i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
100105	Utsifting PC administrasjonen	1 099 000
100205	It-Fellessamarbeid	2 792 914
100502	Digitalisering	100 000
100505	RITS, utstyr	305 311
100601	RITS, innbyggjardialog	51 263
101205	RITS, Anskaffing og implementering	294 813
101500	RITS, Elektronisk IP og stafettlog	50 000
301702	Bygging Vinjarheim bukolektiv	7 105 776
301712	Utsmykking ny sjukeheim	87 783
401516	Leige for eige bustadar på Jelsa og i Marvik	120 200
401523	Kjøp av Velaskaret	26 213
402402	Næringsområde Tysingvatnet	1 790 000
404504	Reguleringsplan Randåsen	26 000
404802	Kjøp av husvære/Kjøp av tomt	3 007 000

500301	Suldalshallen, ventilasjon	1 056 275
501007	Nærmiljøanlegg Suldal bad	207 000
501401	Fornyng Kulturhuset	92 655
603502	VA Sand sentrum Del 3	50 000
604901	Hønesteg, ny vassforsyning Sand	3 148 103
605303	Brannstasjon Sand, forprosjekt	465 043
605304	Brannstasjon Suldalsosen	1 880 491
701401	Forprosjekt Hebnes - Helland og Vanvik	650 000
190003	Forskotteringslån MVA komp. Suldal IL	184 725
Sum auke		24 590 565

Samla gir dette auka moms.komp. 3 088 409,- mill. kr. og bruk av lpån med 21 502 156 mill. kr.

Meir bruk enn planlagt i 2025 som gir reduksjon i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
401900	Attraktivt og levande Sand sentrum	-82 288
104001	Digitalisering eldre reguleringsplanar	-29 313
409001	Miljøtiltak - ladepunkt m.m.	-25 678
Sum reduksjon		-137 279

Samla gir dette redusert bruk av lån kr. 137 279,-

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil orienterer kort om saka.

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LEV - 027/26 Vedtak:

Tertialrapporten vert teken til vitande.

Det blir gjort budsjettendringar i drifta i tråd med oppstilling i 1. tertialrapport.

Eining	Endring	Kroner
	Meir utgifter:	
Felles	Arbeidsgjevaravgift ved auka bruk av premiefond KLP	954 000
Økonomi- og organisasjon	Straum	224 000
Oppvekst	Straum	1 108 000
Helse og Velferd	Straum	452 000
Kultur- og samfunnsutv.	Straum	2 216 000
Oppvekst	Auka «Rabbattar» SFO / barnehage	1 630 000
Oppvekst	Auka kjøp av skuleplassar	1 200 000
Helse og Velferd	Tiltakspakke, fleire Ukraninarar ut i arbeid	500 000
Økonomi- og organisasjon	Auka advokatutgifter	60 000
Økonomi- og organisasjon	Auka forsikringsmeglingsutgifter	25 000

Kultur- og samfunnsutv.	Flytting av midlar til kraftkonferansen	905 000
	Mindre utgifter:	
Økonomi og organisasjon	Flytting av midlar til kraftkonferansen	-905 000
Felles	Reduksjon pensjon, bruk av premiefond KLP	-9 000 000
	SUM netto	-631 000

	Endring	Kroner
	Meir utgift:	
Skatt/Finans	Utgifter til sal av konsesjonskraft	24 200 000
Skatt/Finans	Auka overføring til Ryfylkefondet	5 500 000
Skatt/Finans	Eigedomsskatteinntekter, meir overføring til Hjelmeland kommune	220 000
Skatt/Finans	Auka forvaltningsutgifter	300 000
	Avsetjing til fond:	
Skatt /finans	Avsetjing til disposisjonsfond	50 760 000
	Meir inntekter:	
Skatt/Finans	Auka sal av konsesjonskraft	-74 400 000
Skatt/Finans	Auka utbytte, Lyse	-949 000
Skatt/Finans	Renteinntekter, bank	-5 000 000
	SUM netto	631 000

3. Rallebekken

Ein rår til at nytt underprosjekt xxxxxx «Rallebekken med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune» vert budsjettert med 2,5 mill. kr. finansiert med refusjon frå Rogaland Fylkeskommune med 2,5 mill. kr.

Rest re budsjettering investeringar

Mindre bruk enn planlagt i 2025 som gir auke i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
100105	Utskifting PC administrasjonen	1 099 000
100205	It-Fellessamarbeid	2 792 914
100502	Digitalisering	100 000
100505	RITS, utstyr	305 311
100601	RITS, innbyggjardialog	51 263
101205	RITS, Anskaffing og implementering	294 813
101500	RITS, Elektronisk IP og stafettlog	50 000
301702	Bygging Vinjarheim bukollektiv	7 105 776
301712	Utsmykking ny sjukeheim	87 783
401516	Leige for eige bustadar på Jelsa og i Marvik	120 200
401523	Kjøp av Velaskaret	26 213
402402	Næringsområde Tysingvatnet	1 790 000
404504	Reguleringsplan Randåsen	26 000
404802	Kjøp av husvære/Kjøp av tomt	3 007 000
500301	Suldalshallen, ventilasjon	1 056 275
501007	Nærmiljøanlegg Suldal bad	207 000
501401	Fornyng Kulturhuset	92 655
603502	VA Sand sentrum Del 3	50 000
604901	Hønesteg, ny vassforsyning Sand	3 148 103
605303	Brannstasjon Sand, forprosjekt	465 043
605304	Brannstasjon Suldalsosen	1 880 491
701401	Forprosjekt Hebnes - Helland og Vanvik	650 000
190003	Forskotteringslån MVA komp. Suldal IL	184 725

Sum auke		24 590 565
-----------------	--	-------------------

Samla gir dette auka moms.komp. 3 088 409,- mill. kr. og bruk av lpån med 21 502 156 mill. kr.

Meir bruk enn planlagt i 2025 som gir reduksjon i løyvingar i 2026

Prosjektnr.	Namn	Sum
401900	Attraktivt og levande Sand sentrum	-82 288
104001	Digitalisering eldre reguleringsplanar	-29 313
409001	Miljøtiltak - ladepunkt m.m.	-25 678
Sum reduksjon		-137 279

Samla gir dette redusert bruk av lån kr. 137 279,-

028/26 Barnehage og skulebruksplan for Suldal kommune våren 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren tilrår ny barnehage og skulestruktur i kommunen for å sikra eit likeverdig tilbod med høg kvalitet, rett kompetanse, gode læringsmiljø, effektiv ressursbruk og utvikling i tråd med nasjonale føringar og lokale ambisjonar.

Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar i struktur og organisering:

1. Vinjar barnehage og Vinjar skule blir slått saman til Vinjar oppvekstsenter frå 01.01.27
2. Nesflaten skule blir lagt ned frå 01.01.27 og elevane vert overført til Vinjar oppvekstsenter.
3. Vinjar barnehage avdeling Nesflaten blir lagt ned frå 01.01.27, borna får barnehagetilbodet på Vinjar oppvekstsenter.
4. Barnehagedelen av Jelsa oppvekstsenter blir ei avdeling av Stølane barnehage frå 01.08.27.
5. Kommunedirektøren anbefalar at ein opprettar ein skule i sør med følgjande alternativ:
Alternativ 5: Ny struktur med to oppvekstsenter: Jelsa til Stølane (Nesflaten til Vinjar jamføre punkt 1-3) og Marvik til Sand, Sand vidareført som 1-10 skule.
Alternativ 6: Ny felles skule i sør ved Tysingvatnet: Marvik + Jelsa + Erfjord til ny felles skule, Sand vidareført som 1–10-skule.

6. Forprosjekt, prosjektering av endra behov ved Kjølvikstølen barnehage i 2027.
7. Forprosjekt, prosjektering av endra behov ved Vinjar oppvekstsenter i 2027.
8. Kommunedirektøren tilrår følgjande forprosjekt og prosjekteringar skal starte i 2028:
 - Forprosjekt, prosjektering av planlagt oppgradering Stølane barnehage, avdeling Jelsa
 - Forprosjekt, prosjektering av endra behov på Sand skule
 - Ved punkt 5 alternativ 5 eller 6 prosjektering av nybygg.
 - Ved punkt 5 alternativ 6, forprosjekt prosjektering av endra behov Stølane barnehage.

Føringar for vidare drift av oppvekstsektoren i Suldal

1. Ein skal ikkje ha skular med under 15 elevar i Suldal, jamfør uttale frå kunnskapsdepartementet. Dersom ein skule har under 15 elevar meir enn eit skuleår blir den kommunale skuledrifta lagt ned.

2. Dersom ein barnehage eller underavdeling (Jelsa) har under 12 plasser i meir enn eit barnehageår blir den kommunale barnehagedrifta lagt ned.
3. Alle barnehagar, oppvekstsenter og skular i Suldal skal jobba for full pedagogdekning, dette i tråd med lov og forskrifter.

01.06.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Punktvis røysting over punkt i kommunedirektøren si innstilling:

Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar i struktur og organisering:

Pkt. 1: For: Samrøystes

Pkt. 2: For: 1 / Mot: 4

Pkt. 3: For: 2 / Mot: 3

Pkt. 4: For: 2 / Mot: 3

Pkt. 5: Alternativ 5: For: 0 / Mot: 5

Pkt. 5: Alternativ 6: For: 1 / Mot: 4

Føringar for vidare drift av oppvekstsektoren i Suldal

Pkt. 1: For: 2 / Mot: 3

Pkt. 2: For: 1 / Mot: 4

Pkt. 3: For: Samrøystes.

Marita Lindal Haug fremmar alternativt forslag:

Me syner til RMNF sine tankar frå i haust, sjå høyringsinnspel innsendt 02.09.25 og referat frå 13.10.25 angående barnehage-og skulebruksplanen. Desse tankane gjeld framleis.

Etter at den nye innstillinga frå kommunedirektøren kom i mai 2026, vil RMNF først påpeika

- Me ser ikkje at omsyn til barn med funksjonsnedsettingar og særlege utfordringar er omtalte i planen nå heller. Dette burde vore eksplisitt tatt opp. Dette har me i RMNF etterlyst i kvar runde. Korleis vil endring av skulestruktur påvirka denne elevgruppa?
- RMNF meiner at ein særleg må ta omsyn til sårbare elevgrupper når det gjeld reisetid og reisemåte. Kommunedirektøren skriv at reiseveg skal løysast med avbøtande tiltak i form av direkte bilskyss for mange barn. Vegen frå ytterkantane til sentrum blir ikkje kortare av den grunn. Og barn med funksjonsnedsettingar, må ikkje bli utsett for større belastningar enn dei treng.

RMNF kan ikkje støtta kommunedirektøren si innstilling. RMNF har hatt ei avstemming på punkt frå kommunedirektøren si innstilling og følgjande fekk fleirtal:

Samrøystes.

RÅDF - 023/26 Vedtak:

Me syner til RMNF sine tankar frå i haust, sjå høyringsinnspel innsendt 02.09.25 og referat frå 13.10.25 angående barnehage-og skulebruksplanen. Desse tankane gjeld framleis.

Etter at den nye innstillinga frå kommunedirektøren kom i mai 2026, vil RMNF først påpeika

- Me ser ikkje at omsyn til barn med funksjonsnedsettingar og særlege utfordringar er omtalte i planen nå heller. Dette burde vore eksplisitt tatt opp. Dette har me i RMNF etterlyst i kvar runde. Korleis vil endring av skulestruktur påvirka denne elevgruppa?
- RMNF meiner at ein særleg må ta omsyn til sårbare elevgrupper når det gjeld reisetid og reisemåte. Kommunedirektøren skriv at reiseveg skal løysast med avbøtande tiltak i form av direkte bilskyss for mange barn. Vegen frå ytterkantane til sentrum blir ikkje kortare av den grunn. Og barn med funksjonsnedsettingar, må ikkje bli utsett for større belastningar enn dei treng.

RMNF kan ikkje støtta kommunedirektøren si innstilling. RMNF har hatt ei avstemming på punkt frå kommunedirektøren si innstilling og følgjande fekk fleirtal:

Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar i struktur og organisering:

1. Vinjar barnehage og Vinjar skule blir slått saman til Vinjar oppvekstsenter frå 01.01.27

Føringar for vidare drift av oppvekstsektoren i Suldal

3. Alle barnehagar, oppvekstsenter og skular i Suldal skal jobba for full pedagogdekning, dette i tråd med lov og forskrifter.

Øvrige punkt i kommunedirektøren si innstilling fekk ikkje fleirtal.

01.06.2026 Ungdomsrådet

Handsaming:

Alternativ 6

Ungdomsrådet meiner alternativet ikkje er reelt. Det er ingenting der frå før. Ingen etablerte nærmiljø og høgtrafikert veg like ved.

Alternativ 5.

Dette alternativet gjer at barnehagebarn får kort reiseveg. 1-7 trinn får gode og store sosiale- og læringsmiljø, men nokre får lang reiseveg. Me kan ikkje rigga ein framtidsretta struktur for barnehage og skule etter nokre få familiar sin reiseveg.

Ungdomsrådet meiner at verken alternativ 5 eller 6 framstår som optimale, men at alternativ 5 peikar seg ut som best av dei to.

Ungdomsrådet fremmar alternativ 4 med endring:

Nesflaten til Vinjar; Vinjar skule + bhg = Vinjar oppvekstsenter;

Marvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg = Kjølvik oppvekstsenter;

Erfjord + Stølane bhg = Stølane oppvekstsenter;

Sand vidareført som 1–10-skule

Med endring frå Kjølvikstølen oppvekstsenter, til Jelsa oppvekstsenter med barnehageavdeling på Kjølvikstølen.

Ungdomsrådet meiner alternativ 4 i utgangspunktet er det beste kompromisset mellom reiseveg og antal einingar. Men, ungdomsrådet stussar på kvifor ikkje verken Norconsult eller kommunedirektøren heller vil plassera oppvekstsenteret på Jelsa, med ein barnehageavdeling på Kjølvik. Det er ei meir logisk og saumlaus løysing med båt til Jelsa, kor elevane (og lærarar) kan gå til skulen frå kaien. I forhold til Kjølvikstølen er det fleire etablerte boligområder med fint nærmiljø (strand, skog, fjell, dagsturhytte osv) like ved. Skuleområdet er allereie fint opparbeida. Jelsa er meir sentralt som knutepunkt mot Stavanger og har ledige opparbeida boligtomter like ved mtp nyetableringar.

Samrøystes

U - 015/26 Vedtak:

Ungdomsrådet fremmar alternativ 4 med med ei endring:

Nesflaten til Vinjar; Vinjar skule + bhg = Vinjar oppvekstsenter;

Marvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg = Jelsa oppvekstsenter, med barnehageavdeling på Kjølvikstølen.

Erfjord + Stølane bhg = Stølane oppvekstsenter;

Sand vidareført som 1–10-skule

Endring: Oppvekstsenter på Jelsa med barnehageavdeling på Kjølvikstølen.

Alle andre punkt i samsvar med innstilling

03.06.2026 Levekårsutvalet

Handsaming:

Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil orienterer kort om vegen fram til saka som no skal handsamast.

Forslag til vedtak - KrF og AP, foreslått av Iren Klungtveit Slagstad, Arbeiderpartiet

Det skal innførast ein ny skulestruktur i Suldal med 3 skuler, Sand skule (1-10), Vinjar skule (1-7) og Erfjord skule (1-7).

Elevane frå Jelsa og Marvik skule blir overført til Sand skule frå og med 1.8.2027, og elevane frå Nesflaten skule blir overført til Vinjar skule frå og med 1.8.2026.

Det skal framleis vera barnehagetilbod i alle grender som har eit tilbod i dag, så lenge det er dekning for minst 6 plasser. Barnehagen på Jelsa og Marvik blir drifta som avdelingar under Stølane Barnehage.

Det skal leggst til rette for SFO tilbod ved alle barnehagar i grender der det ikkje lenger er skuletilbod.

Følgande investeringar skal gjerast i ny skule- og barnehagestruktur

1. Det vert bygd ein ny barneskule og barnehage (1-7) på Stølane i Erfjord.
2. Det vert bygd ein ny barnehage på Kjølvikstølen/Marvik.
3. Sand skule vert utbetra i tråd med gjeldande vedtak.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om skuleskyss, med direkte-skyss for dei med lengst reiseavstand.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak til budsjetthandsaminga i 2026, som inneheld ei tidslinje for forprosjekt og investeringar for nybygg og opprustingar i tråd med vedtakspunkta 1-9.

Kommunedirektøren kjem tilbake med eiga sak om sal/etterbruk av bygg og FDVU kostnader 2027

Forslag til vedtak - SP, foreslått av Øystein Wigestrands, Senterpartiet

1. Generelt prinsipp - Minstetall barn i skule og barnehage

· Dersom elevtalet ved ein av skulane med 1.-7. trinn i Suldal kommune fell under 12 elevar samla i minst 2 år på rad, kan kommunedirektøren vedta midlertidig samordning med næraste skule. Tilboda må vera forutsigbare for barn og foreldre.

· Dersom barnetalet i barnehagane fell under 6 barnehageplassar kan kommunedirektøren vedta midlertidig samordning med nærmaste barnehage.. Tilboda må vera forutsigbare for barn og foreldre.

Følgjande prinsipp gjeld for all samordning:

· Permanent nedlegging av barnehage og skule skal handsamast politisk, og vedtaket skal innehalda plan for etterbruk av skulebygningen.

· Kommunen dekkjer skysskostnader for å komma nærast anbefalt reisetid for dei ulike alderstrinna.

Generelt prinsipp om minsteantall i skule og barnehage skal gjelda frå hausten 2026.

2. Barnehage- og skulestruktur

Suldal kommune opprettar oppvekstsenter 1-7 på: Suldalsosen, Stølane i Erfjord, Kjølvikstølen på Ropeidhalvøya og beheld Jelsa oppvekstsenter. Sand skule held fram som 1 – 10 skule. Slik prognosane er no, vil Nesflaten skule samordnast med næraste skule (Vinjar) frå og med hausten 2028. Det vil difor ikkje opprettast oppvekstsenter på Nesflaten, men halda fram slik som no som ei overgangsordning

Suldal kommune beheld barnehagane i grendene slik som i dag, og vidarefører planen som tidlegare vedtatt for barnehagane på Sand.

3. Forprosjekt/prosjektering

- Nytt oppvekstsenter Erfjord: 2027
- Nytt oppvekstsenter Kjølvikstølen: 2027
- Oppgraderingar Jelsa oppvekstsenter 2028
- Vurdera endringar Vinjar oppvekstsenter 2028
- Vurdera endringar Sand skule 2029

Forslag til vedtak – Høgre og Venstre, foreslått av Dag Fisketjøn, Venstre

1. Suldal kommune skal gjennomføre ei framtidsretta omstilling av barnehage- og skulestrukturen for å sikre gode fagmiljø, likeverdige tenester, berekraftig ressursbruk og levande lokalsamfunn i heile kommunen.

Som hovudprinsipp skal det framleis vere barnehage, SFO og minimum 1.–4. trinn i alle grender som har skule i dag. Dette omfattar Erfjord, Jelsa, Vinjar, Ropeidhalvøya, Sand og Øvre Suldal.

Kommunestyret legg til grunn at elevane på mellomtrinnet skal inngå i større faglege fellesskap enn i dag, samstundes som ein tek vare på lokale oppvekstmiljø og nærsकुलेfunksjonar.

Suldal kommune skal gjennom investeringar og organisering leggja til rette for redusert vedlikehaldsetterslep, betre arealutnytting og meir effektiv drift over tid. Nye investeringar skal bidra til å styrkja kvaliteten i oppvekstsektoren samstundes som kommunen tek vare på eit berekraftig økonomisk handlingsrom.

2. Det skal etablerast og byggjast nytt 1–7 oppvekstsenter i Erfjord med barnehage, SFO og grunnskuletilbod. Oppvekstsenteret skal lokalisast på Stølane.

3. Det skal etablerast og byggjast nytt oppvekstsenter på Ropeidhalvøya. Oppvekstsenteret skal lokalisast på Kjølvikstølen. Elevane ved Marvik skule held fram ved Marvik skule fram til nytt oppvekstsenter på Kjølvikstølen står ferdig.

4. Vinjar barnehage og skule blir organisert som oppvekstsenter. Barnehagen og skulen blir organisert som eit oppvekstsenter frå skuleåret 2027/2028.

5. Det skal utarbeidast ein plan for etablering av felles leing for skulane på Nesflaten, Ropeidhalvøya og Jelsa i løpet av 2027.

Nesflaten skal organiserast som oppvekstsenter. For Nesflaten oppvekstsenter skal det grunna lågt elevtal på småskuletrinnet dei komande åra, vere ei overgangsordning der 1.–7. trinn blir oppretthalde i ein mellomfase til skuleåret 2028/2029. Det skal etter dette gjerast ei vurdering av vidare organisering. Nesflaten oppvekstsenter skal ikkje organiserast med færre enn 1.–4. trinn og det skal vere barnehage og SFO på Nesflaten.

Mellomtrinnet på Jelsa skal frå skuleåret 2028/2029 flyttast til Sand. Det skal framleis vere barnehage, SFO og minimum 1.–4. trinn på Jelsa. Jelsa oppvekstsenter skal oppgraderast, og forprosjekt skal startast opp i løpet av 2027.

6. Ungdomskolen på Sand skal vidareutviklast som kommunen sin einaste ungdomsskule. Skuleskyssen skal effektiviserast frå skuleåret 2026/2027. Det skal leggjast til grunn at reisetida i størst mogleg grad står i forhold til reiselengda. Det skal vere mål om

maksimum reisetid på 75 minutt for ungdomskulelevar. Kommunedirektøren skal leggja fram forslag til effektivisering av skuleskyssen med mål om redusert reisetid og fleire direkteruter så raskt som mogleg.

7. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forprosjekt og kostnadsoverslag for:

- nytt 1–7 oppvekstsenter i Erfjord, oppstart forprosjekt hausten 2026
- nytt oppvekstsenter på Kjølvikstølen, oppstart forprosjekt 2027
- oppgradering av Jelsa oppvekstsenter, oppstart forprosjekt 2027
- vidare utvikling av Vinjar oppvekstsenter
- vidare utvikling av ungdomsskule på Sand
- samling og vidareutvikling av barnehagetilbodet på Sand

Forprosjektet for Kjølvikstølen skal omfatte både ei løysing dimensjonert for 1.–4. trinn, barnehage og SFO, og ei løysing dimensjonert for 1.–7. trinn, barnehage og SFO. Forprosjektet skal startast opp så tidleg som mogleg i 2027.

8. Dersom talet på barn eller elevar ved eit oppvekstsenter, ein barnehage eller ein skule er under 10 i meir enn to samanhengande år, skal kommunedirektøren leggja fram eiga politisk sak med vurdering av vidare drift.

Eventuelle endringar eller nedleggingar skal avgjerast gjennom nytt politisk vedtak i kommunestyret.

For lokale oppvekstilbod på Jelsa, Ropeidhalvøya og Nesflaten skal vurderinga gjerast med utgangspunkt i dei lokale tilboda samla for barnehage og skule og ikkje samla elevtal eller barnetal i tilhøyrande leiingsstruktur. Felles leiing eller administrativ organisering skal ikkje i seg sjølv gi grunnlag for nedlegging eller reduksjon av lokale tilbod.

9. Kommunedirektøren får i oppdrag å leggja fram forslag til framtidig organisering av leiinga av oppvekstsektoren med basis i strukturen vedteken i punkt 1–8, med mål om å styrkja fagmiljø, rekruttering, kompetanseutvikling og kvalitet i heile kommunen.

Arbeidet skal mellom anna vurdere bruk av digitale løysingar, felles leiing der dette er formålstenleg, samarbeid og ressursdeling mellom oppvekstsenter, skular og barnehagar, system for hospitering og faglege nettverk på tvers av kommunen, samarbeid med relevante universitet og høgskular med særleg vekt på løysingar for dei mindre skulane, tiltak for å styrkja rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale, samt organisering som reduserer sårbarheit ved små einingar og sikrar robuste fagmiljø i heile kommunen.

Kommunedirektøren skal i arbeidet også vurdere etablering av eit kommunalt, ambulant miljøterapeutisk team for oppvekstsektoren. Teamet skal bidra til å styrkja arbeidet med inkluderande læringsmiljø, psykososial oppfølging, tidleg innsats og førebygging av skulefråvær.

Teamet skal kunne arbeida på tvers av oppvekstsenter, skular og barnehagar gjennom faste besøksdagar, deltaking i tverrfaglege møte, rettleiing av tilsette, oppfølging av elevar med samansette behov og digitale rettleiingsmøte. Målet er å sikra meir likeverdige tenester, styrkja tilgangen på spesialisert kompetanse i heile kommunen og redusera sårbarheita ved små einingar.

10. Det blir sett av inntil NOK 5 millionar til forprosjekt oppvekstsenter Erfjord, finansiert frå disposisjonsfond.

Øystein Wigestrands SP ber om pause.

Pause kl. 10:44-10:55.

RØYSTING

Forslag sett opp mot kvarandre.

Forslag frå V: 1 - V

Forslag frå SP: 4 - SP, AP, KrF

Forslag sett opp mot kvarandre:

Forslag frå SP: 3 - SP, V

Forslag frå AP/KrF: 2 - AP, KrF

LEV - 028/26 Vedtak:

1. Generelt prinsipp - Minstetal barn i skule og barnehage

· Dersom elevtalet ved ein av skulane med 1.–7. trinn i Suldal kommune fell under 12 elevar samla i minst 2 år på rad, kan kommunedirektøren vedta midlertidig samordning med næraste skule. Tilboda må vera forutsigbare for barn og foreldre.

· Dersom barnetalet i barnehagane fell under 6 barnehageplassar kan kommunedirektøren vedta midlertidig samordning med nærmaste barnehage.. Tilboda må vera forutsigbare for barn og foreldre.

Følgjande prinsipp gjeld for all samordning:

· Permanent nedlegging av barnehage og skule skal handsamast politisk, og vedtaket skal innehalda plan for etterbruk av skulebygningen.

· Kommunen dekkjer skysskostnader for å komma nærast anbefalt reisetid for dei ulike alderstrinna.

Generelt prinsipp om minsteantall i skule og barnehage skal gjelda frå hausten 2026.

2. Barnehage- og skulestruktur

Suldal kommune opprettar oppvekstsenter 1-7 på: Suldalsosen, Stølane i Erfjord, Kjølvikstølen på Ropeidhalvøya og beheld Jelsa oppvekstsenter. Sand skule held fram som 1 – 10 skule. Slik prognosane er no, vil Nesflaten skule samordnast med næraste skule (Vinjar) frå og med hausten 2028. Det vil difor ikkje opprettast oppvekstsenter på Nesflaten, men halda fram slik som no som ei overgangsordning

Suldal kommune beheld barnehagane i grendene slik som i dag, og vidarefører planen som tidlegare vedtatt for barnehagane på Sand.

3. Forprosjekt/prosjektering

· Nytt oppvekstsenter Erfjord: 2027

· Nytt oppvekstsenter Kjølvikstølen: 2027

· Oppgraderingar Jelsa oppvekstsenter 2028

· Vurdera endringar Vinjar oppvekstsenter 2028

· Vurdera endringar Sand skule 2029

